

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 4

Jula 2025

Årgang 91 år



Bruktbua i nye lokale
side 4-6



Fusa-kalenderen 2026
side 3



Quiz om frivillig arbeid
side 7



Den nye kyrkjeverja
side 3



Konsertar
side 10-11

FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl. 09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Anette-Emilie Gangstø 45 28 02 78

Assisterande kyrkjeverjer

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Trusoppplæring

Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26

Hildegunn Myrliid Eide 97 65 01 55

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjørn 97 71 17 23

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Fusa frivilligsentral 56 58 01 14

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436**

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:

Fusa kyrkjeblad

**Bladpengar er kr. 250,- pr. år
Utanbygds kr. 350,- pr. år**

Framsida:

Hovudillustrasjon: Glasmåleri frå kapellet
i St. John's University, New York.

Foto: Toril Hjørtaker Hauge.

REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus hm629@kyrkja.no
Toril Hjørtaker Hauge th298@kyrkja.no

Ei julebøn frå biskopen

Av biskop Ragnhild Jepsen

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: "Kjære Jesus". Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtlydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all

glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom 15, 12-13)



Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: *Kjære Jesus!*

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaus, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

Kjære Jesus, det er du som skal kome.

Av den tørraste kvist skal von springe fram.

Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.

Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem. Amen.

Velkommen til vår nye kyrkjevevje!

Kyrkjevevja er øvste administrative leiar i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd og har på vegne av fellesrådet ansvar for alle tilsette, alle kyrkjebygg og gravplassar, all forvaltning fellesrådet gjer for kommunen, økonomi og budsjett og så vidare.

Etter at *Kristine Fjeld* starta i stillinga som trusopplærar i Os sokn og med det slutta som kyrkjevevje i Bjørnafjorden no i sommar, vart stillinga som kyrkjevevje lyst ut og me fekk fleire gode søkarar. *Jon Håkon Øen* fekk tilbodet og takka ja. Han startar i stillinga 1. januar 2026. Med det er nokre år med skiftande fungerande kyrkjevevjer over, og me går no mot meir normaltilstand. *Sigurd Rotvik Tunestveit* og *Hans Einar Markhus*, som begge har vikariert som fungerande kyrkjevevje dei siste tre åra, får då konsentrera seg meir om sine eigentlege stillingar som daglege leiarar i høvesvis Os sokn og Fusa sokn.

Jon Håkon er 52 år, bur i Hagavik og kjem frå stilling som seniorrådgjevar i KA, kyrkja sin

arbeidsgjevarorganisasjon. Han har tidlegare m.a. arbeidd som myndighetskontakt for Universitetet i Bergen, politisk rådgjevar for KRF på stortinget, personleg rådgjevar for tidlegare KRF-leiar Knut Arild Hareide, administrerande leiar og nestleiar for ACTA (Barn- og unge i Normisjon) og feltprest. Jan Håkon er utdanna teolog og ordinert prest. Som medlem i Os sokneråd og som leiar i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd i fleire år kjenner han både Os og Fusa og kyrkja her godt.

Fellesrådet er særst glad for å få plass ein kyrkjevevje med god erfaring og kunnskap om svært mykje i den mangfaldige organisasjonen Den norske kyrkja. Han kjem til å ha hovudbase på Os

kyrkjekontor, men kjem òg til å ha kontordag på Fusa kyrkjekontor i Eikelandssosen kvar veke.

Me ynskjer Jon Håkon velkomen til kyrkja i Bjørnafjorden og til oss i Fusa sokn!



Jon Håkon Øen er frå 01.01.2026 ny kyrkjevevje i Bjørnafjorden fellesråd. Foto: Mona Høyseth

Fusakalenderen 2026

Fusakalenderen 2026 er komen for sal! Tema denne gongen er «Kveldsstemning i Fusa». Motivet er frå Baldersheim, teke frå innerst i bukta og utover fjorden ei kveldsstund tidleg i oktober.

Biletet er teke av **Knut Revne** – Gratulerer til han! Han får heider, ære og 3000 kroner for sigeren i fotokonkurransen. Det var veldig mange flotte bidrag i år – takk til alle innsendarar for bidraga og til juryen for godt arbeid!

Konfirmantane kjem på besøk til

alle husstandar i Fusa-bygdene for å tilby kalenderen. Dersom du ikkje er heime når dei kjem, er kalenderen å få kjøpt på kyrkjekontoret i Eikelandssosen og fleire andre stader i tida som kjem. Prisen er **200 kroner**, og nytt i år er at du får **to kalendrar i éin!** På framsida har kalenderen same størrelse som den har hatt i 40 år, men på baksida er kalenderen trykt i halvparten så stor størrelse. Dersom den store på framsida er for stor for veggjen din, kan du klyppe den i to og bruke baksida – fullverdig kalender der òg!



Inntekta går til Fusa sokn sitt barne- og ungdomsarbeid.



Eit knippe av dei frivillige i Bruktbuo. Dagleg leiar i Frivilligsentralen, Kristin Almås, står heilt til venstre i fremste rekkje.

Bruktbuo strålar i sine nye lokale – Menn og verktøy er spesielt velkomne

I vår flytta Bruktbuo frå Torsneset til Fjord'n Nærsenter. 31. mai var det storslått opning i det tidlegare banklokalet der. No, eit halv år etter, lurar Kyrkjebladet på korleis kvardagen er blitt, om han har senka seg fint og roleg, eller om medarbeidarane lengtar tilbake.

Tekst og foto: Toril Hjartåker Hauge

Eg fekk avtale med Bruktbuo på ein kundefri dag, ein måndag når dei frivillige samlast for å rydda, fylla på med varer og få gjort ymse anna som skal vera klart før handelen startar. Det som møter meg, er ein livleg gjeng i ferd med å avslutta dagens planleggingsmøte. Dei er samla i ein diger svingsofa i eitt av butikkens hjørne, og dagleg leiar i Fusa frivilligsentral, Kristin Almås, er også med i ringen. Eg veit at dei frivillige er komne her fyrst og fremst for å arbeida, ikkje for å prata, så eg hoppar like godt på hovudspørsmålet mitt:

– Korleis går forretninga i dei nye lokala?

Meir av alt – bortsett frå to ting

– Veldig bra, er det samstemte svaret.

– Me har fått større butikkplass, nye og fleire kundar og auka handel.

Eg er interessert i konkrete tal, og Kristin Almås fortel at salet varierer. – Det kjem gjerne opp i over 10 000 kroner i veka. Etter at dei faste utgiftene er dekkja, blir overskotet delt mellom Fusa sokn sitt barne- og ungdomsarbeid og arbeidet for brannskadde barn i Etiopia gjennom Children's Burn and Wound Care Foundation (CBWCF).

Labbene i Bruktbuo, som du kan sjå på eitt av bilda, er eit unntak på fleire måtar: Ikkje er dei brukte, og ikkje blir inntektene delt. Her går dei går uavkorta til arbeidet for brannskadde barn i Etiopia.

– Med så store butikklokale, manglar de varer til å fylla dei med? lurar eg vidare på. Då ler dei tjue damene som har ein heil arbeidsdag framfor seg der dei skal sortera og behandla alt som er kome inn sidan sist. – Nei, det er godt innsig med varer heile



Alle inntektene frå dei nystrikka labbene i Bruktbuo går til arbeidet for brannskadde barn i Etiopia.

tida, svarer dei. – Folk er flinke til å gje, og me mottar veldig mykje forskjellig. Det aller beste er om folk fyrst viser oss bilde av det dei vil gje, slik at me kan vurderer om me er interessert og har plass. Då unngår me at ting som kjem inn, berre må kastast med det same.

– Men det er éin ting me saknar, skyt ei av damene inn. – Éin ting som kundar etterspør og som eg har måtta seia «Nei, dessverre» til mange gonger. Det er verktøy. Ei av dei andre i sofaen/frivillige legg til: – Ja, og det verktøyet som kjem inn, det bruker me sjølve.

Det nikkar dei til, alle. Med så mange ulike varer som har vorte brukt på ymse vis, blir det ein del som skal vølast og monterast før det blir hengt opp eller stilt ut på anna vis. Verktøy står altså på ynskelista til både kundar og frivillige i Bruktbuo.

Aller øvst på lista til dei medarbeidarane i Bruktbuo er det likevel ein annan ting som står, og det ynsket er så stort at ho som ytrar det, rettar opp handa for å få ordet. Så langt har praten gått lett og uformelt rundt bordet, gjerne med to og tre røyster i sving samstundes, men no blir det heilt stilt, og ho med handa oppe seier med vekt: – Du må skriva at me treng fleire menn!

Lette å be, men få vil binda seg

Det kjem ingen protestar på det, så det blir skriva ned og no er det også sendt ut til fulldistribusjon i heile Fusa sokn. Eg kommenterer at eg trudde kanskje mennene var med, berre ikkje like mykje i front som damene, at dei heller kom inn bakvegen og dreiv på med å frakta og lempa og bera tunge ting.

– Å jada. Dei var veldig mykje med under flyttinga no i vår, understrekar damene. – Dei køyrde og bar og sette opp hyller. Og me



Glimt frå det varierte vareutvalet i Bruktbuo.

har mange me kan spørja når det trengst; det er sjeldan dei seier nei då.

Men dei står ikkje i kassen, mennene. Etter kvart i samtalen minnest ei og anna av damene at det var ein gong ein mann som hadde ei vakt der. Ja, kanskje var det til og med to menn som hadde kvar si vakt sin gong? Ja, det var nok det, så den mannen som måtte melda seg til den teneste no, blir altså ikkje den *aller* fyrste mannen i kassen på Bruktbuo, men konklusjonen er likevel klar: Det ville vore skikkeleg kjekt om menn hadde blitt med i den faste staben i Bruktbuo.

- Alltid ein fornøyelse

Per no står det 40 kvinnenamn på lista med faste medarbeidarar i Bruktbuo. Fleire av dei har vore med sidan Bruktbuo vart oppretta i 2011. Dette er frivillig arbeid, så folk skriv seg opp på vaktlistene sjølve. Det vanlege er å vera to på vakt til kvar tid, og det er Kristin i

Frivilligsentralen som sørger for at det er nok med folk i butikkens opningstider. Vaktlistene plar vera fulle, og skulle det ein hending gong vera for få på lista dei tre dagane butikken er open, finn Kristin nokon som kan steppa inn.

– Me arbeidet etter lyst-prinsippet, understrekar ho. – Ingen skal kjenna seg tvungen til å ta vakter.

Å vera frivillig skal vera ei glede, ikkje eit ork. Det prinsippet er sentralt også i paraplyorganisasjonen *Frivillighet i Norge*. Dei arbeider for å fremja frivillig arbeid, og organisasjonen framhevar kor viktig dette arbeidet er, mest for samfunnet totalt sett og alle som mottar fruktene av arbeidet, men også for dei som utfører det. *Frivillighet i Norge* gjennomfører jamleg undersøkingar om korleis det står til med gratisarbeidet rundt om i landet, og korleis folk opplever det. Ut ifrå årets undersøking har Kyrkjebladet laga ein kort quiz der du kan testa kor godt du kjenner ulike sider ved frivillig arbeid, statistisk sett. Kor godt stemmer det frivillige arbeidet i Bruktbuo med tilsvarande arbeid elles i landet? Du kan ta quizen på ei av dei neste sidene; svaret står lenger uti bladet.

Heldigvis er det mange som finn glede i det frivillige arbeidet i Bruktbuo. – Det er alltid ein fornøyelse å vera her, slår ei av dei frivillige fast.

– Ja, dette er ei sosial plass, føyer ei av dei andre til. – Ikkje berre for oss som arbeider her, men for alle som kjem innom. Dette er ein plass det folk kan møtast og pratast.

Er det lov å pruta?

I tillegg til å handla, er nemleg folk velkomne til å slå seg eller andre ned i den digre sofaen i eitt av dei bakarste hjørna, den dei frivillige har møte og lunsj i.

Den er nok ein av dei få gjenstandane i butikken som ikkje er til sals, - eller kven veit? Kanskje det berre er eit spørsmål om pris? Alt som enno ikkje har fått prislapp på seg, er det nemleg lov å diskutera salssummen på. I den augneblinken nokon av medarbeidarane har fastsett prisen og merka vara med den, er du nøydd til å retta deg etter den. Det er ikkje lov å pruta, får eg vita på direkte spørsmål om det.

To handelsmessigne reglar gjeld, fortel dei: - Det er ikkje lov å pruta, og ikkje lov å byta. Berre viss kunden finn feil ved vara som me ikkje visste om då me prisa ho, opnar me opp for diskusjon om summen. Eller altså viss kunden finn ei vare som manglar prislapp. Bortsett frå i dei to tilfella er det ingen vits i prøva seg på å kjøpslå.

Tospann-modellen

Med 40 likestilte medarbeidarar kan det ta lang tid å semjast om nettopp prisar, kanskje også om plassering av varer. Noko formell rangordning blant dei 40, har dei ikkje. Større avgjersler må opp i Bruktbuo sitt styre, men dei små ordnar dei greitt på golvet. Skulle dei hatt eit krav om konsensus og fullkomen semje om alt, ville dei ikkje ha rukke å opna butikken nokon gong. I staden har dei satsa

på ein meir effektiv tospannmodell. Den ordninga går ut på at dei arbeider i par: Når to stykk er samde om ein pris, er det eit vedtak. Same ordning har dei for kassering. Det må to til for å kvitta seg med noko.

For å treffa nokolunde riktig prisnivå er det også lurt å følgja med i bransjen, fortel dei. Dei besøker gjerne andre bruktbutikker når dei er på farten, og dei googlar spesielle varer for å sjå kva dei ligg ute for på dei digitale marknadsplassane.

- Av og til merkar me at me har vore for forsiktig, seier ei av dei og ler.

- Det er når kundane blir uvanleg glad når dei har betalt. Då har me nok bomma på prisen og kunne ha fått meir ut av salet.

Men så er no også dette litt av poenget med å la brukt bli brukt: Å gleda folk.

På høgda med det beste i byen

Medarbeidarane i Bruktbuo er blitt vane med å ta imot skryt. For ikkje lenge sidan som det ein kvinneleg kunde som var svært erfaren i denne bransjen. - Ho sa at ho hadde besøkt ein heil masse bruktbutikker rundt i landet, fortel ho som stod i kassen den dagen. - Og det var berre éin i Bergen som kunne måla med denne, sa ho. Berre éin!

At bruktbuo i Fusa soknet ligg i øvste sjiktet, er takka vera dei

frivillige. Dei har god grunn til å vera stolte, men det er tydeleg at det er sjølve arbeidet som driv dei ikkje, ikkje det å kunna kvila seg i ære og glans. Etter ein tjuve minuttars samtale, byrjar dei å lea på seg på stolane og i sofaen, og eg skjønar dei helst vil i gang med dagens dont, så skundar meg med å leggja fram mitt siste planlagde spørsmål.

Julehandel

- Med tanke på julehandelen: Har de inntrykk av at folk kjøper gaver her inne, at det er blitt legitimt å gje brukte ting vidare? - Åja, svarer fleire av damene. - Det er ikkje lenge sidan det var ei jente her inne og såg etter ein fødselsdagspresang.

Og så er det dei mange turistane, sjølvsagt. Dei ser etter det spesielt norske og tar med seg rosemålte ting, enten dei no skal gje dei vidare eller ha dei som suvenir til seg sjølv. Også meir faste kundar er stundom på utkikk etter spesielle gjenstandar som kan passas til den dei skal gje gåve til. - Kanskje me kan rigga til ein pakkedisk no før jul, er det ei i ringen som kjem på. - Slik at fleire kan koma på og følgja den idéen.

Men tanken på jula framfor oss, tar eg farvel med dei frivillige. Det er tre tankar som ligg fremst i hovudet mitt når eg går derifrå:

- Overgangen frå kaien til senteret ser ut til å ha gått strøkent.

- Smil og vennlegheit er ikkje eit berre eit salstriks i denne butikken;

stemninga er innbydande også dei dagane dei har stengt og ikkje kan tena noko på sjarmen.

- Eg vart godt tatt imot sjølv om eg ikkje var mann.

Det er råd å ta julehandelen her. NB! Dei broderte julekorta er ikkje brukte.



BRUKTBUO HAR OPENT.

TORSdag 11-17
FREDag 11-17
LAURdag 11-15

Bruktbuo
La brukt bli brukt

Fjord'n Nærseier, 5640 Eikelandsosen.
Tlf: 401 52 846



Kor godt kjenner du frivillig arbeid i Noreg – statistisk sett?

Tekst: Toril Hjartåker Hauge

I år 2025 gjennomførte organisasjonen *Frivillighet Norge* for ellefte gong Frivillighets-barometeret, ei årleg undersøking blant innbyggjarar i Noreg om frivillig innsats. Denne undersøkinga gjev eit godt kunnskapsgrunnlag i arbeidet for å fremja frivillig arbeid.

Årets undersøking vart gjennomført som Webintervju gjennom GallupPanelet, eigd av Norsk Gallup. GallupPanelet består av ca. 40 000 personar over 15 år som regelmessig svarer på spørjeundersøkingar på internett. Det er ikkje mogleg å melda seg sjølv inn i panelet. Med jamne mellomrom blir landrepresentative telefonlister trekt ut, og dei som står på den lista blir

oppringt og spurd om dei vil vera med i GallupPanelet framover. Kanskje du ein gong har fått ein slik telefon, eller kanskje det blir din tur snart?

Kor mange trur du deltok i frivillig arbeid det siste året, og kva type arbeid var mest populært å delta i? Få svar på det ved å ta denne quizen. Den inneheld nokre av spørsmåla i undersøkinga. Det aller siste spørsmålet handlar om lokale forhold i Fusa, og er ikkje tatt frå den nasjonale undersøkinga. Set ein ring rundt det svaralternativet du trur er riktig, og sjå fasiten på s. 15 her i bladet. Alle prosenttal er avrunda til næraste heile tal.

Test deg sjølv
med denne
quizen

		Svaralternativ 1	Svaralt. 2	Svaralt. 3
1.	Kor stor del av Noregs befolkning deltok i frivillig arbeid minst eit par gonger det siste året?	89%	61%	42%
2.	Kor stor del av Noregs befolkning deltok i frivillig arbeid minst 10 timar kvar månad det siste året?	36%	21%	9%
3.	Er det ein større prosentdel av menn som har gjort frivillig arbeid, eller ein større prosentdel av kvinner?	Det er ein større prosentdel av menn enn av kvinner som har gjort frivillig arbeid det siste året.	Det er ein større prosentdel av kvinner enn av menn som har gjort frivillig arbeid det siste året.	Det er ingen signifikant forskjell mellom kjønna i dette arbeidet.
4.	Kva type arbeid fekk mest frivillig arbeidskraft?	Idrett	Kultur	Politikk
5.	Kva år i perioden 2018-25 har frivillig arbeid vore mest utbreidd?	2018	2020	2025
6.	Kor stor del av Noregs befolkning har gitt pengar til frivillig arbeid det siste året?	90 %	77%	55%
7.	Kor mange årsverk tilsvarer den frivillige innsatsen i dei frivillige organisasjonane i Norge?	77 000	101 000	142 000
8.	Kor stor del av Noregs befolkning er blitt forsøkt rekruttert til frivillig arbeid det siste året?	27%	66%	87%
9.	Kor stor del av dei som har vore frivillig det siste året, har forsøkt å rekruttera andre til frivillig arbeid?	25%	30%	77%
10.	Kor stor del av dei som prøvde å rekruttera andre til frivillig arbeid, lukkast med det?	10%	53%	63%
11.	Kva av desse tre grunnane for å driva med frivillig arbeid var det flest frivillige som oppgav som motivasjon for arbeidet?	Arbeidet er sosialt.	Eg vil vera til nytte og bidra med noko.	Eg kjenner meg forplikta til å stilla opp.
12.	Kor mange personar arbeider som frivillige i regi av Fusa frivilligsentral minst to gonger årleg?	Om lag 50	Om lag 70	Om lag 120

Fasit på quizen finn du på side 15 her i bladet.

Viss du vil lesa heile undersøkinga, går du inn på Frivilligbarometeret for 2025 på nettsida til frivillighetnorge.no:

<https://www.frivillighetnorge.no/fakta/frivillighetsbarometeret/>

Reisa til Betlehem – ei juleforteljing

Ein gong for lenge sidan vart det fødd eit lite esel i ein by som heitte Nasaret.

Då det vesle eselet var nesten ni månader gamalt, drog mor hans ut på ei lang reise saman med dei som eigde henne. Dei heitte Maria og Josef. Dei spurde Rebekka, naboenta, om ho kunne passe på det vesle eselet medan dei var borte.

Men det vesle eselet var veldig lei seg når mora hans var borte, han miste heilt matlysten. Difor gjorde Rebekka i stand mat og vatn og lovte det vesle eselet at dei skulle finne mora. Dei drog av garde for å følgje etter Maria og Josef.

Vegana var fulle av folk som skulle til ulike landsbyar. «Har du sett eit esel med ein mann og ei dame?» spurde Rebekka ein av dei. «Ja, dei gjekk forbi meg på vegen til Jerusalem,» svarte han.

Rebekka og det vesle eselet tok vegen mot Jeruselem. Snart kom dei til ein soldat som stod vakt ved eit slott. «Har du sett eit esel med ein mann og ei dame?» spurde Rebekka soldaten. «Ja, dei gjekk framom her,» svarte soldaten. «Men skund dykk av garde no. Her er viktige gjester på besøk hos kong Herodes.

Rebekka og det vesle eselet gjekk vidare. Etter ei stund møtte dei nokre gjetarar som passa sauene sine. «Her de



Tekst og illustrasjon: IKO



sett eit esel med ein mann og ei dame?» spurde Rebekka.
«Ja, dei gjekk mot Betlehem,» svarte gjetarane.

Det vesle eselet og Rebekka drog vidare. Brått var himmelen full av vakker musikk. Og dei såg ei stor stjerne som skein ned på den vesle byen Betlehem.

Då dei kom fram til Betlehem, møtte dei ein mann som stod i dørøpninga til eit herberge. Rebekka spurde om han hadde sett Maria og Josef og eselet.


«Ja,» svarte han. «Dei ville ha eit rom her, men det var ikkje noko ledig. Dei gjekk til stallen.» Og husverten viste Rebekka vegen ned til stallen.

Stallen låg bada i eit strålande lys, som skein frå den klare stjerna over den. Då Rebekka og det vesle eselet nærma seg, høyrde dei lydar frå eselmora og av ein baby som gret.

Rebekka og det vesle eselet gjekk inn i stallen og såg Maria og Josef og eselmora. Og der, i ei krubbe, låg ein nyfødd baby. «Kva skal han heite?» spurde Rebekka. «Han heiter Jesus,» svarte Maria

Seinare reiste Josef, Maria og Jesus tilbake til Nasaret. Der vaks Jesus opp, og Rebekka var både leikekamerat og barnevakt.

Advents-, jule- og romjulskonserter i




Torsdag 11. desember

kl. 18.00 i Fusa kyrkje

Konserten «Tusen julelys» med Atle Pettersen, band og lokalt prosjektkor med fusingar i alle aldrar.

Billetter: ticketmaster.no



Fredag 19. desember

kl. 19.00 i Strandvik kyrkje

Holmefjord musikklag skipar til julekonsert med lokale krefter. Gratis inngang, kollekt til Kirkens nødhjelp.



Laurdag 20. desember

kl. 18.00 i Hålandsdal kyrkje

Julekonsert med det lokale ensemblet «Walking Fields». Billetter: walkingfields.no og i døra.

Fusa sokn

Søndag 21. desember

kl. 16.30 i Fusa kyrkje Vi syng jula inn!

Tradisjonen tru blir det «Ni skriftlesingar og julesongar» i Fusa kyrkje denne ettermiddagen, 4. søndag i advent.

“A festival of nine lessons and carols” eller på norsk “ei høgtid med ni skriftlesingar og julesongar” er den engelske form for julaftangudstenesta som også har vorte populært andre stadar i verda. Særleg kjent er den årvisse sendinga i både engelsk radio og tv frå King's College i Cambridge. Her står folk timesvis i kø for å oppleve dette «live».

Tekstane spenner frå syndefallet i 1. Mosebok via lovnadane hjå profetane til Jesu fødsel slik me les det i Johannesevangeliet.

Mellom lesingane vert det både korsong av «Sine Nomine» og allsong av advents- og julesalmar. Kollekt til Misjonsprosjektet i Fusa sokn.



Laurdag 27. desember

kl. 18.00 i Eikelandssosen bedehus

Julefest for heile familien. Tale, song, god mat, juletrengong og godtepose til barna. Kollekt.



Foto: Bo Mathisen
Den norske kyrkja

Tysdag 30. desember

kl. 19.00 i Hålandsdal kyrkje

Romjulsjazz med «Sandven Jazzkompani», ein flott tradisjon som starta i fjor. Kompaniet er Bjørnafjorden-basert og består i år av Geirmund Sandven på trombone, Jan Kåre Hystad på klarinett og saksofon, Helge Haukås på trompet, Roald Gilje på Tuba, Terje Neset på banjo, Rolf Seldal på trommer og Marita Moe Sandven på vokal. I tillegg får vi innslag av vår lokale unge, lovande pianist, Magnus Godøy. Billetter i døra.



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjertnes 30 - 5646 Nordveitgrend
Tlf.: 96 92 46 50
post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no



Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@vlimtre.no

www.vlimtre.no

Fusa Ferdigbetong as

5640 Eikelandssøsen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421

E-post: post@fusabetong.no



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880

E-post: firmapost@alfhjelle.no



Fusa

Man-fre 07-21

Lørdag 09-20

Tlf. 56582133

spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR



Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Eide

FUSA AUTO A/S BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa

Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A

🏠 5643 Strandvik
🌐 strandvik.no
✉ post@strandvik.no
📞 56 58 21 11
☎ 918 44 000
☎ 900 12 126
☎ 918 18 592



Trykksaker, profilering,
firmagaver, skilt,
messer og mye mer.

kai-hansen.no



KAI HANSEN



Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSØSEN

BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kitoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

SPAR



Eikelandssosen

Opningstid **8-21**

Laurdagar **9-20**

Tlf. 56 58 00 90



SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no



Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60, 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale



Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLØMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05



Hordaland A/s Rørteknikk



56 58 09 90

hordalandrorteknikk.no

post@hrt.as

Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft
og Havbruk leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Strøyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSØSEN
Tlf. 56 58 00 20

Malerfirma

Kenneth Samnøen

5640 Eikelandssosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38



HERBALIFE ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!
Spør etter gratis prøvepakke,
uten forpliktelser.

Ring: 458 15 890, Kjell Arne Gangstø

E-post: famgang@fusi.no

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

Babysong

Song, musikk, regler og dans for barn i alderen 0-2 år med foreldre! Me avsluttar kvar samling med kaffi og matpakke.

Nytt kurs til våren startar måndag **2. februar kl. 11-12.30** i Eikelandssosn bedehus. Ta med godt humør og matpakke. Me serverer kaffi/te og frukt. Pris kr 300,- for heile kurset, 8 måndagar.

Påmelding til Hildegunn Myrli Eide
tlf. 97650155

Velkomen!



Det har vore ei flott gruppe på babysong denne hausten. Livets under!

OPEN KYRKJE I STRANDVIK

Våren 2026 med variasjon av musikk, lystenning og stille.

20. januar, 17. februar, 17. mars,
21. april, 19. mai og 16. juni.
Alle kveldar kl. 19-20.

MINGLE- MIDDAG

Minglemiddagar i
2026 vert: 28. januar,
18. februar og 25. mars
kl. 16.00-17.00 i
Eikelandssosn bedehus

Middagane er tilrettelagde også for småbarnsfamiliar. I tillegg til måltidet kan de spela bordtennis eller andre spel.

Påmelding til Hildegunn
Myrli Eide på tlf. 97650155.

Her er nokre glimt frå mingle-
middagane som har vore.



Mange kjem rett frå jobb, skule og barnehage. Då er det godt med ferdig middag!



Gjengen på kjøkkenet trivst med mat, prat og minglemiddag. Godt team!



Hans Martin Eide er den heldige vinnaren av fruktkorga! Magi...han har vinnarlukke nesten kvar gong.



Norunn med saueskinnet som ho fekk frå soknerådet.

Haustattakkefest med særskild takk til Norunn

19. oktober var det ein spesiell familiemix i bedehuset i Eikelandssosen. Det var haustattakkefest, og Norunn Rød Markhus blei takka av for den fantastiske og mangfaldige tenesta si i Fusa sokn.



Sokneprest Anette-Emilie takkar for hausten og grøda.



Soknerådsleiar Sigbjørn Sundfjord takkar Norunn Rød Markhus.

Fasit til quizen på s.7 om frivillig arbeid

1. Kor stor del av Noregs befolkning deltok i frivillig arbeid minst eit par gonger det siste året?

61%

2. Kor stor del av Noregs befolkning deltok i frivillig arbeid minst 10 timar kvar månad det siste året?

9%

3. Er det ein større prosentdel av menn som har gjort frivillig arbeid, eller ein større prosentdel av kvinner?

Det er ein større prosentdel av menn – 62% - enn av kvinner – 59% - som har gjort frivillig arbeid det siste året.

4. Kva type arbeid/engasjement nytte godt av/hadde mest frivillig arbeidskraft?

Idrett

5. Kva år i perioden 2018-25 har frivillig arbeid vore mest utbreidd?

2020

6. Kor stor del av Norges befolkning har gitt pengar til frivillig arbeid det siste året?

55%

7. Kor mange årsverk tilsvarar den frivillige innsatsen i dei frivillige organisasjonane i Norge?

142 000

8. Kor stor del av Norges befolkning er blitt forsøkt rekruttert til frivillig arbeid det siste året?

27%

9. Kor stor del av dei som har vore frivillig det siste året har forsøkt å rekruttera andre til frivillig arbeid?

25%

10. Kor stor del av dei som prøvde å rekruttera andre til frivillig arbeid, lukkast med det?

63%

11. Kva av desse tre grunnane for å driva med frivillig arbeid var det flest frivillige som oppgav som motivasjon for arbeidet?

Eg vil vera til nytte og bidra med noko.

12. Kor mange personar arbeider som frivillige i regi av Fusa frivilligsentral minst to gonger årleg?

Om lag 120



Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong?
Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FARGELEGG



FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymmer seg her?



20



26

HOLDHUS KYRKJES JUBILEUSÅR 2026

1726 · VART · STAVKYRKJA · OMBYGD
TIL · LAFTA · TØMMERKYRKJE · DETTE · BLIR
FEIRA · MED · FØLGJANDE · PROGRAM · I · OG ·
VED · KYRKJA · I · HÅLANDSDALEN

TYS DAG 6. JANUAR

DRAUMKVEDET / OPHEIM · OG · SEGLEM
HUGS · VARME · KLEDE · 300, - I · DØRA · EL. · TICKET · CO

SUNDAG 5. JULI

OMVISNING · MED · FOKUS · PÅ · OMBYGGINGA
FRÅ · STAV · TIL · LAFT · GRATIS · ENTRE

HELGA 14.-16. AUGUST

SPELET · OM · KIKEDALS · BONDEN
ARR · HÅLANDSDALS · SPELET

SUNDAG 20. SEPTEMBER

FØREDRAG · Y · ANNA · ELISA · TRYTI · OG ·
JUSTIN · KROES · EN · KUNST · OG · KYRKJE

- HISTORIE

FORTID · S · MINNE · FOREININGA · BJØRNA · FJORDEN · LOKALLAG

Frå Kyrkjebøkene



Dåp

HÅLANDSDAL KYRKJE

21.09.2025 Sandra Trengereid Orra
26.10.2025 Thea Remmen
26.10.2025 Hans Skjoldal Helland
26.10.2025 Olivia Samnøen Markhus
26.10.2025 Isak Berlandstveit

FUSA KYRKJE

28.09.2025 Nora Øvreås
09.11.2025 Henrik Austefjord
09.11.2025 Sigrid Sperrevik Lie
09.11.2025 Engel Johannes Matland
09.11.2025 Filippa Vik Boge

Døpte i andre sokn

VANGSKYRKJA, VOSS

12.10.2025 Embla Opheim Kvarmestøl



Gravferd

SUNDEVOR KYRKJE

12.09.2025 Martin Sundfjord, f. 21.09.1947
23.10.2025 Harald Hjartåker, f. 06.10.1941
05.11.2025 Eirik Fossåskaret, f. 30.06.1937

HÅLANDSDAL KYRKJE

15.10.2025 Harald Bjørndal, f. 06.08.1946

FUSA KYRKJE

10.09.2025 Roald Fløisand, f. 08.12.1955
08.10.2025 Kitty Holmefjord, f. 15.04.1937
07.11.2025 Ola Solheim, f. 30.04.1931

STRANDVIK KYRKJE

06.11.2025 Gjertrud Håvik, f. 04.10.1923



Vigde

HÅLANDSDAL KYRKJE

17.10.2025 Marianne Synnøve Frydenlund og Thomas Nilsen
06.11.2025 Ingrid Andrine Padøy og Kjell-Eivind Bjaanes



Illustrasjon: IKO

**Skann QR-koden for å sjå
juleevangeliet på film!**

Skann koden med mobilen
så kjem det ein Superblink-
film frå Youtube med
Juleevangeliet.



Hjelp barn i hjem med rus

90.000 barn i Norge vokser opp
i hjem med rus. Med din støtte
kan vi hjelpe flere familier
som strever!



Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på
Vipps 936679

 **Blå Kors**

Gudstenester i Fusa sokn

23. november 2025 – 26. april 2026

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Anledning for dåp
23.11.	11:00	Os kyrkje	v/biskopen, felles for Os/Fusa	Nei
30.11.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
07.12.	11:00	E.osen bedehus	Familiemix	Ja
14.12.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
21.12.	16:30	Fusa kyrkje	Nine lessons and carols	Nei
24.12.	11:00	Fusa bu- og beh. senter	Gudsteneste	Nei
24.12.	14:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Nei
24.12.	14:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Nei
24.12.	15:00	Bygdah. Holmefj.	Gudsteneste	Nei
24.12.	16:00	Hål.dal kyrkje	Gudsteneste	Nei
24.12.	16:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Nei
25.12.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
01.01.	11:00	Hål.dal kyrkje	Gudsteneste	Ja
04.01.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
11.01.	11:00	E.osen bedehus	Familiemix	Ja
18.01.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
18.01.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
25.01.	11:00	Strandvik kyrkje	Lekmannsgudsteneste	Nei
25.01.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	Nei
01.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
08.02.	11:00	Hål.dal kyrkje	Gudsteneste	Ja
15.02.	11:00	E.osen bedehus	Familiemix	Ja
22.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
01.03.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
01.03.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
08.03.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	Nei
15.03.	11:00	E.osen bedehus	Familiemix	Ja
22.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
22.03.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
29.03.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
02.04.	11:00	Fusa bu- og beh. senter	Gudsteneste	Nei
02.04.	19:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Nei
03.04.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Nei
04.04.	23:00	Hål.dal kyrkje	Gudsteneste	Nei
05.04.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
06.04.	12:00	Hafskorvatnet	Friluftsgudsteneste	Nei
12.04.	11:00	E.osen bedehus	Familiemix	Ja
19.04.	11:00	Hål.dal kyrkje	Gudsteneste	Ja
26.04.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	Nei



Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris
Ring 406 11 817
Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



SVENN C. STORUM

 **951 56 327** storum@fusi.no

Informasjon

Avsender:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

S
i
d
a
n

S
i
s
t



Klubben Noah på Klenaneset.



Konfirmantpresentasjon i Fusa kyrkje 28. september



Med ynskje om ei
velsigna juletid

Foto: Jan-Tor Åkre